



Rolf Vabø
Trælandsvegen 205
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2549 - 15/32781

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
22.10.2015

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 92/2 - Rolf Vabø

Dokument:

Søknad om tilskot, motteke 15.06.2015
Teikningar og kostnadsoverslag

Søknaden :

Det vert søkt om midlar over SMIL ordninga til restaurering / gjenreiseing av ei eldre uteløe/torvhus på gamle murar. Bygget er ca 18 m2 utvendig mål. Søkjar driv med Inn på Tunet i samarbeid med skulen på Skodvin. Her kjem skuleborn mellom anna heim på garden og får oppleva gardslivet. Under restaureringsarbeidet vil elevane få læra om gamal byggeskikk og dels få ta del i noko av arbeidet. Seinare vil bygget kunna nyttast som samlingslokale for lunsjpause m.m. framfor lavoen som vert nytta i dag.

Eigedomen/drift:

Det er tradisjonelt sauehald på garden i kombinasjon med utbud av Inn på Tunet-teneste for skuleborn ved skulen på Skodvin.

Vurdering:

Kommunen sine tilskotsmidlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket er avgrensa i høve forventa søknadsmengde og dette tilseier ei streng prioritering av søknadane og løyvinga pr søknad. Me har difor måtte begrense løyvinga til 40-50 % av kostnadsoverslaget. Søknaden er handsama etter «Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket» og kommunen sin strategi for SMIL.

Vedtak:

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 25.000,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2018.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.



Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 3640 11 11284 verta nytta. Søklar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Landbruksavdeling 5020

BERGEN

Kopi til:

a

Mottakarar:

Rolf Vabø

Trælandsvegen 5956
205

HUNDVIN